

GUD VIL FYLLA SITT FOLK. OG GUDS FOLK SKAL FYLLA JORDA. OG JORDA SKAL BLI FULL AV KUNNSKAP OM HERRENS HERLEGDOM. GUDS PLAN ER EIN STOR PLAN, OFTE EIT NUMMER FOR STOR TIL AT VI LETTVINT SER VÅR EIGA ROLLE I DEN.

# Som demonstrerer Eit liv Gud

Jvar av oss har ei enkel rolle å spela i Guds plan om å fylla jorda med kunnskap om Herrens herlegdom, som vatnet dekkjer havbotn. I Kristus skal Gud sameina alle ting, både det som er i himmelen og det på jorda<sup>1</sup>, og han skal føra alle ting inn under Jesu fantastiske herredøme der alle ting skal vera i perfekt harmoni med Gud sjølv. Dette gjeld sjølvsagt ikkje dei menneske som blir ståande utanfor Kristus, for det er i Kristus at Gud gjennomfører sin plan<sup>2</sup>. Det gjeld heller ikkje falne englar eller demoniske makter og herredøme som Guds frelsesplan aldri var tiltenkt.

Gud er streng mot dei som er falne, men god mot alle som held seg til godleiken hans<sup>3</sup>. Det som tel er å la seg forsona med Gud. Jesu blod på krossen<sup>4</sup> sona alt det som skilde oss frå Gud, nemleg synd. Det sameina oss med Gud i ein ny fødsel, til ein ny skapning som skal vera til pris og ære for hans herlegdom<sup>5</sup>, ein herlegdom som skal fylla heile jorda<sup>6</sup>. Slik har vi ved tru og lydnad fått del i Guds rike. Det fine med Guds herlegdom er at den er synleg. Når vi les det gamle testamentet, er det spanande å sjå korleis Guds herlegdom synte seg på

ulike måtar. I mange situasjonar når det var naudsynt, eller når Gud ville det, kan vi lesa slike ting som at "Då synte Herrens herlegdom seg"<sup>7</sup> eller "Herrens herlegdom var å sjå til som..."<sup>8</sup> Då Moses fekk lovnad om at Gud likevel ville gå med dei vidare i øydemarka, bad han om få sjå Herrens herlegdom.<sup>9</sup> I NT kunne Herrens herlegdom sjåast som eit lys rundt englane på Betlehemsmarkene<sup>10</sup>. Då Stefanus vart steina, vende han augo mot himmelen, og der kunne han sjå Guds herlegdom og Jesus som stod ved Guds høgre hand.<sup>11</sup> Paulus fortel også frå historia om Moses, korleis andletet



1. Ef 1:10  
2. Ef 1:11

3. Rom 11:22  
4. Kol 1:20

5. Ef 1:12  
6. Hab 2:14

7. 3 Mos 9:23  
8. 2 Mos 16:17  
9. 2 Mos 33:18

10. Luk 2:9  
11. Apg 7:55



hans hadde ein glans som litt etter litt forsvann og som han gøymde ved å leggja eit dekke over andletet. Han hadde vore saman med Herren, og Herrens herlegdom lyste av han.<sup>12</sup>

Guds herlegdom er meint å vere synleg. Guds herlegdom er i grunnen alt Gud er - gjort synleg.

Og det er på denne måten Gud vil fylla jorda med sin herlegdom, gjennom eit folk som ber hans herlegdom slik at den blir synleg for andre. Det er ikkje råd å vera ein kristen utan å bera Guds herlegdom. Det er denne herlegdomen vi skal vera til pris og ære for.

Jesus viser oss Gud. Han er ei utstråling av Guds herlegdom og bilete av hans vesen.<sup>13</sup> Den som har sett Jesus har sett Gud.<sup>14</sup> Guds natur er perfekt gjort synleg gjennom Sonen. Den som er lik Jesus vil difor også synleggjera Gud. Å vera Kristen betyr å vera Kristus-lik. Og det er det den nye skapningen er. Å vera ein ny skapning i Kristus, er å ha blitt ein del av eit nytt menneske, eit Jesus-menneske som har Guds natur. Gud kjem på innsida. Då er det berre heilt naturleg å vera som Jesus er og leva som han levde, i denne verda.<sup>15</sup> Alle Guds eigenskapar har eit naturleg uttrykk i den som er fødd på ny.

Gud gjev med raus hand. Han gav son sin, den største kjærleiksgåva av alle. Guds natur er å gje. Difor vil det vera heilt sjølvstridig for ein kristen å ikkje vera ein som gjev. Like sjølvstridig vil det vera for ein kristen å vera uforsonleg, ugjestmild, vrang, ustabil, vond, urettvis, hatefull eller trulaus. Ingenting av dette er i Guds natur.

Sjølvsagt er det slik at vi veks inn i ting litt etterkvart, ettersom vi lærer Gud meir og meir å kjenna. Det tek tid for alle, både å oppdaga sanninga om Gud og læra å leva ved Anden. Men ettersom vi slepp bort frå oppløysinga i verda vil hans guddommelege natur koma sterkare til uttrykk, fordi det er lagt ned i oss. Vi har fått alt som tener til liv og gudsfrykt.<sup>16</sup>

Det viktige er at vi fyller oss kvar dag med Guds Ord og med Den Heilage Ande. Like viktig som å læra å leva etter Guds prinsipp, er det å leva i ein nær relasjon til Gud. Vi må bruka tid med Herren og søkja han. Då vil hungeren etter Gud auka også. Vi må øva oss opp til å gje respons til alt Gud er, seier og gjer. Då vil det også bli ein vane å vera innstilt på Andens kanal og gje respons til all tiltale frå han. Guds herlegdom vil gjennom våre kvardagsliv bli synleg for menneska rundt oss, dei vil sjå Guds herlegdom og få kunnskap om den, kunnskap som er erfart. Det er når vi sjølv ser Herrens herlegdom at

vi vert forandra til det same bilete av Gud som Jesus var.<sup>17</sup> Vårt privilegium som kristne er at Gud har gitt oss augo i hjarta så vi også kan sjå i det usynlege.<sup>18</sup> Dei må vi bruka til dette.

Når vi les 2. Korintarbrev 3 og 4, ser det ut som om det er to ting som kan hindra menneske i å sjå kven Gud er. Det eine er at denne verdsens gud blindar hugen til dei vantruande så dei ikkje ser lyset som strålar fram frå evangeliet om Guds herlegdom, han som er Guds bilde.<sup>19</sup> Den andre grunnen er om vi gjer som Moses og legg eit dekke over andletet så ingen ser Guds natur i oss.<sup>20</sup>

Lat oss kvar dag bu i Guds nærvær og la oss fylla oss av den Ande og det ord som openberrar hans natur for oss og i oss. Og lat oss ikkje missa motet; for det er ved Guds miskunn vi har fått Andens teneste. Lat oss sei frå oss alt liv og all ferd som er skamleg og hemmeleg. Lat oss ikkje fara med knep og forfalska Guds Ord, men klart og liketil forkynna sanninga, og for Guds åsyn by oss sjølv fram med di vi vender oss til kvar manns samvit.<sup>21</sup>

Jesus er bestemt til å fylla alt i alle.<sup>22</sup> Han vil fylla si kjære forsamling og forsamlinga skal fylla jorda. La oss arbeida i samsvar med planen.

NORLEIF ASKELAND  
NORLEIFA@YAHOO.COM

12. 2 Kor 3:18  
13. Heb 1:3

14. Joh 14:9  
15. 1 Joh 2:6

16. 2 Pet 1:3-4

17. 2 Kor 3:18  
18. Ef 1:17-18  
19. 2 Kor 4:4

20. 2 Kor 3:13  
21. 2 Kor 4:1-2  
22. Ef 1:3



